



# ÅRSMELDING 2021



Følg oss gjerne på SoMe

## **Styret 2021 vore samansett slik:**

Leiar  
HTV  
Nestleiar  
Opplæringsansvarleg  
Pensjonisttiltsvald  
Leiar seksjon kyrkje, kultur og oppvekst (YKKO)  
Leiar seksjon helse og sosial (YHS)  
Leiar seksjon kontor og administrasjon (YKA)  
Leiar seksjon samferdsel og teknisk (YST)  
Kasserar  
Fane 2  
Sekretær  
Ungdomstillitsvalt  
Styremedlem  
Styremedlem  
Vara (YST)  
Vara (YHS)  
Revisor  
Revisor  
Revisor

Raymond Lind  
Siv Laila Eriksen  
Anne Elisabeth Lunde  
Hege Lerum Orrestad  
Anne Elisabeth Teigen  
Margrete Berge Feidje  
Siv Anett Navarsete Skartun  
Merethe Trettenes  
Jarle Andersen  
Iris Helen Dahle  
Svein Harald Hovland  
Aina Thomassen  
Keyty Planeta  
Anita Hjønnnevåg  
Anita Sva  
Kenneth Stigen  
Erika Karina Roskaritz  
Knut Navarsete  
Ove Kristian Lunden  
Astrid Feidje

## **Valnemnd**

Jarle Andersen  
Kenneth Stigen  
Solfrid Dyrdal  
Keyty Planeta  
Bjørg Perny Heggheim



## Representasjon:

### Representantskapsmøte

Representant

Raymond Lind

Representant

Anne Elisabeth Lunde

Representant

Siv Laila Eriksen

1. Vara

Aina Thomassen

2. Vara

Anita Hjønnevåg

3. Vara

Siv Anett Navarsete Skartun

### Forhandlingsutval

Representant

Siv Laila

Representant

Anne Elisabeth Lunde

Representant

Jørn Skjeldestad

Representant

Lars Magne Nordheim

### Lo Sogndal og Omegn

Vara

Keyty Planeta

### Koordineringsledd for Bufetat Region Vest

Representant

Raymond Lind

### Koordineringsledd for Fylkeskommunale medlemmar

Representant

Raymond Lind

### Regionstyret

Representant

Antonella Vidal

Representant

Jarle Andersen



Styret har hatt 7 styremøte sidan 18. mai 2021.

Styret har handsama 73 saker.

Per 20.01.2021 har vi totalt 842 medlemmer. Av disse er 525 yrkesaktive. Me har medlemmar innan KS 300, NHO 453, PBL 028, STAT 200, KS 100, KA 027 og medlemmar uten tariff avtale.

Verv	PC	Mobil	Arbeids-gjevaravgift	Honorar/gåvekort
Leiar	x		Ja	10 000,-
Nestleiar			Ja	7 000,-
HTV	x	x	Ja	3 000,-
Kasserar	x		Ja	6 000,-
Fane 2-ansvarleg			Ja	8 000,-
Sekretær			Ja	6 000,-
Seksjonsleiar			Ja	4 000,-
Vara seksjon			Ja	2 000,-
Styremedlem			Ja	3 000,-
PTV			Gåvekort Amfi	37 481,-
<b>Totalt</b>			<b>11 562,-</b>	<b>86 481,-</b>

# AKTIVITET

Korona har diverre prega kvardagen til dei fleste av oss også i 2021, og har naturleg nok lagt litt avgrensingar på aktiviteten til Fagforbundet lokalt. Styret har hatt månadlege fysiske møter sidan juni. Me har jobba godt saman og sjølv om møta tidvis har vore lange, har dei vore konstruktive og med stort engasjementet.

Diverre rakk me ikkje å få organisert og gjennomført styre- og tillitsvaldkurs før omikronvarianten av Covid-19 igjen avgrensa moglegheita for fysisk samling. Det å gje styremedlemmane, og nye og gamle tillitsvalde, dette kurset har høg prioritet og vil gjennomførast så snart det blir opning for det i 2022. Me fekk gjennomført medlemsmøte i Balestrand og Sogndal på hausten og tilbakemeldingane var gode frå dei som møtte opp.

Tilsetjinga av ny kommunedirektør i Sogndal skapte ein del støy og uro i kommunen, men Fagforbundet stod rakrygga gjennom heile prosessen, og me fekk markert oss i media på ein god måte.



LO's sommarturne.


Dersom ein skal trekke fram nokre punkt frå 2021 må det vera at me:

- har fått på plass fleire tillitsvalde.
- har eit styre som jobbar godt saman.
- har fått 70 nye medlemmar.
- har fått på plass ein kontaktperson i styret for fylkeskommunale medlemmar på vidaregåande.
- har etablert eit samarbeid med HTV på fylkeskontoret for å fylje opp våre medlemmar på fylkeshuset i større grad.
- arrangerte medlemsmøte i Balestrand og Sogndal.
- har fått opp aktiviteten på Fagforeininga si webside og i sosiale media.
- tok initiativ for kinoframsyning i Sogndal og Balestrand.
- arrangerte stand og fotsporvandring i Sogndal i forbindelse med valet.
- gjennomførte lokale lønnsforhandlingar, som er ein stor prosess.

## Fagforbundsveka

Juni: Det vart ingen markering av Fagforbundsveka i juni 2021 grunna korona og eit nytt fagforbundsstyre som ikkje hadde fått tid nok til å planlegge aktivitet.

November: Anita Hjønnevåg, Anita Sva, HTV Siv Laila Eriksen og Erika Karina Roskaritz hadde førebudd eit opplegg som diverre også denne gongen måtte avlysast grunna smitteutbrot i Sogndal og Balestrand.



# OPPSUMMERT

## Leiar

Det har vore eit kjekt, spennande og lærerikt år som leiar i Fagforbundet Sogndal. Eg, som mange av dei andre, kom fersk inn i styret i mai 2021. Me treng tid for å veksa inn i rolla og det vertet me har teke på oss. Me er på veg mot noko som kjem til å bli veldig bra, og eg er takksam for å få leie eit styre med så mykje kjekke og dyktige folk. Av ting eg har bidrøge med som leiar kan følgjande nemnast:

- Struktur og trivsel på styremøta.
- Drifta fagforeininga si webside og Facebook-side.
- Deltatt på Kommunalkonferanse 2021 digitalt.
- Bidrøge med å skaffa tillitsvalde og kandidatar til ledige verv i styret.
- Delteke i møter i Koordineringsledd SBR.
- Delteke på kurs i Saksbehandlingsreglene i forvaltningslova.
- Laga infoskriv og kravskjema til lokale lønnsforhandlingar.
- Gjennomført lokale lønnsforhandling for fylkeskommunalt medlem.
- Etablerte et tettare samarbeid med HTV på fylkeshuset for å ta i vare våre medlemmar der.
- Besøkt medlemmar på Fylkeshuset og Statens vegvesen saman med HTV fra Fylket.
- Medarrangør då Fagforbundets Bubilturne var i Sogndal.
- Deltok i arbeidsgruppe som reviderte varslingsrutinane i Fagforbundet saman med regionsekretæren i Forbundsregionen, eit AU- medlem, representant frå Kompetansesenteret og tre andre styreleiarar i Vestland.
- Medarrangør av medlemsmøte i Balestrand og Sogndal.
- Delteke på leiarmøte og representantskapsmøte i Bergen.
- Deltok på LO favør-kurs på Flesland.
- Skrive lesarinnlegg i Sogn Avis ang. tilsetjing av ny kommunedirektør.
- Dagleg drift, som til dømes: Svara på e-post, vidaresenda e-post, hjelpa medlemmar utanfor KS-området, økonomi, og innkalling til styremøte.

## Nestleiar/HTV

HTV har hatt 140% frikjøp i 2021. Anne Elisabeth Lunde 40%, og Siv Laila Eriksen 100%. 2021 har vore nok eit travelt år for oss HTV'ane. Ein kan sei at ikkje alt er på plass i den nye kommunen. Og koronaen har også preget oss i 2021. Dei planane me hadde lagt, let seg ikkje gjennomføre.

Ein av dei tinga me har jobba mest med er å få på plass partssamarbeid på alle nivå. No er dette arbeidet under evaluering og målet er at me skal bli betre der. Planen er å ha ei samling 6. april med alle leiarar, tillitsvalde, og verneombod om lov og avtaleverket. Det er også gjort eit politisk vedtak der leiarane skal ha opplæring om lov og avtaleverk i lag med tillitsvalde. Me trur dette vil bidra til å styrka det vidare samarbeidet.

Teknisk, reinhald under Plan, og bu- og miljøtenesta har saman med NAV, tillitsvalde og verneombod hatt arbeidsgrupper der me jobbar for betre arbeidsmiljøet på tvers av einingane i kommunen. Eit spennande arbeid, og kjekt når ein ser at det nyttar. For det er ikkje i tvil, har ein ikkje gode prosesser frå start av, så blir det uro i organisasjonen.

Me er også med på tilsetjingar. Frå kommunedirektør, og nedover i organisasjonen. Der me har plassstillitsvalde ute i organisasjonen, er det dei som skal vere med der. HTV har også vore med på overordna nivå for å utforme rammeavtaler for turnus/turnusavtaler.

Elles så har me og mange enkeltsaker, og svarer så godt me kan på spørsmål frå medlemmer.

Året som kommer skal det vere ei evaluering av regelverka som kommunen har i dag. Det være arbeidstidsreglementet, permisjonsreglementet osv.

Til slutt vil takka alle dei plassstillitsvalde som verkeleg har stått på i 2022! Både dei som har vore med ei stund, og dei nye som har komme til. Me håpar 2022 blir eit år der me kan møtast fysisk til både oppfølging og opplæring av plassstillitsvalde, og ikkje minst få moglegheit til å reisa rundt på medlemsmøte.



## Fane2-ansvarleg

Grunna pandemien har det ikkje vore samlingar for Fane2 dette året. Det er noko eg har sakna fordi det har vore særstakt nyttig, men eg har hatt god hjelp av resurspersonen på fylket (Margunn Rygg) når eg har hatt problem. Har delteke på samlege styremøte, var medarrangør av medlemsmøte i Balestrand og Sogndal, delteke på stand og anna aktivitet i samband med lokale lønsforhandlingar.

Avd.547 Sogndal har pr. 31.12.2021. totalt 842 medlemmar:

- 231 medlemmar som er pensjonistar og/eller uføre.
- 79 er studentar/elevar.
- 28 er lærlingar.
- 161 ungdomsmedlemmar.
- 525 av vår totale medlemsmasse har eit arbeidstilhøve.

Avd. 547 har i 2021 fått 70 nye medlemmar.

- 34 er nytilmeldte.
- 17 overført frå anna avdeling i Fagforbundet.
- 4 er overført frå anna LO-forbund.
- 15 har meldt seg inn att etter å ha vore utmeldt.

Avd.547 har i 2021 "mista" 43 medlemmar.

- 20 har meldt seg ut.
- 1 er overført til anna LO-forbund.
- 13 er sletta av Fagforbundet grunna manglende kontingentbetaling.
- 9 medlemmar har dødd.
- 

## Medlemmar utanom KS

- Me har medlemmar i private barnehagar (Rones og Stedje).
- Tillitsvalde er Ingrid Synøve Fønnebø i Rones barnehage, og Britt M. Berdal i Stedje barnehage.

## Opplæringsansvarleg

Som opplæringsansvarleg og styremedlem har eg i 2021 delteke på styremøte, telefonmøte eller digitale møte som eg har hatt høve til. Eg er òg kontaktperson i Fagforbundsstyret ovanfor fagforbundets medlemmar på Sogndal vidaregåande skule.

Desse kursa (mest digitale) har medlemmar, styret og tillitsvalde i Fagforbundet hatt moglegheit til å ha delteke på i 2021:

14.01.21 Digital Nyttårskonferanse

01.02.21 Nettkurs Faglig konferanse for helsesekretær

03.02.21 Nettkurs Aldring og demens hjå personar med utviklingshemming

17.02.21 Digitalt seminar om konflikthandtering for trafikkbetjente

Våren 21 Opplæring i teoridelen til fagbrevet i reinholdsfaget (over 2 semester)

01.03.21 Nettkurs for medlemmer i kommune -og spesialisthelsetjenestene

01.03.21- 08.11.21 Kokk og servitørfaget

Våren 21 Digital Verdighetskonferanse 2021

17.03.21 Webinar om EØS

20.03.21 Digital Samfunnspolitisk fagkonferanse av Norsk Folkehjelp

09.03.21 Teorikurs for deg som ønsker å ta fagbrev som renholdsoperatør (Digitalt)

23.03.21 Autisme - pedagogiske tiltak som virker (nettkurs)

06.04.21 Yrkeseksjonsledersamling (teams)

07.04.21 Kurs for tillitsvalgte innen NHO og VIRKE frisører (teams)

14.04.21 Digital Brannvernkonferanse (21.04 og 28.04)

14.04.21 Eldre personer med demens som bor hjemme

14.04.21 Fagdag for Barsel -og Barnepleiere og jordmødre (teams)

20.04.21 Digitalt kurs for tillitsvalgte i Virke HUK område

21.04.21 Samling private barnehager (teams)

04.05.21 Kurs for tillitsvalgte private barnehager

26 og 27.05 Lunsj webinar for medlemmer i grøntanlegg

08.06.21 Digitalt kurs «Arbeidsmiljøutvalget i arbeid»

09 og 10.06.21 Digitalt grunnleggende turnuskurs

17.06.21 Webinar for yrkeseksjonsledere og hovedtillitsvalgte fagforbundet vestland

01-02.09.21 Kurs lokale forhandlinger KS


09.09.21 Digitalt seminar om jord

14.09.21 Yrkeseksjonsledersamling på teams

14.-15.09.21 Digitalt kurs for tillitsvalgte innen NHO og Virke Privat  
16.09.21 AOF Fagskole og gratis studie i Ernæring i Pleie og omsorgssektoren  
30.09.21 Nettkurs «Varsling i arbeidslivet»  
04.10.21(Førde) Fagdag for sykepleiere og vernepleiere  
14.10.21(Førde) Fysisk kurs i Ernæring  
18.10(Bergen)- 19.10.21 (Førde) Kunnskapsbasert sår behandling  
21.10.21 Digitalt nettkurs om «Avvik – en mulighet til forbedring»  
03.11.21 Din rolle som yrkesseksjonsleder i din fagforening (teams)  
04.11.21 Digital BPA café for personlige assistenter  
10.- 12.11.21 LO Favør konferanse Alexandra hotell, Loen  
10.11.21 (Bergen) Fagdag Diabetes  
11.11.21(Førde) Fagdag Diabetes  
15.11.21(Bergen) Fagdag for sykepleiere og vernepleiere  
19.-20.11.21 Fagleg – politisk konferanse, Vossevangen  
30.-01.12.21 LO Favør kurs i Bergen

# KOMPETANSEHEVING

*for våre medlemmar*



## Kasserar

Budsjett, rekneskap og handlingsplan (ligg som vedlegg).



## Seksjonsleiar Kyrkje, kultur og oppvekst

Kom inn som seksjonsleiar hausten 2020 etter samtale med leiar. Har bidratt i nokre styremøte, men har ikkje komme skikkeleg i gang med arbeid i seksjonen enda, sidan eg kom seint inn.

## Seksjonsleiar Samferdsel og teknisk

Dette året har vore spesielt. Eg var lenge ute med sjukmelding. Koronaen har og virka inn på kurs og andre aktivitetar. Eg er så heldig å vera med i eit godt lokalstyre i Fagforbundet Sogndal og har delteke på samtlege møta der og me har fått til ein del ting. Eg er med i regionstyret i Vestland og valkomité der. 30. november og 1.desember 2021 var eg på seksjonsleiarsamling i Førde. Der var det eit godt program. Så får me håpa at det neste året vert enklare å få til ting.

## Seksjonsleiar Helse og Sosial

Eg har delteke på samtlege styremøte, Fagforbundets sommarturne, og var med og besøkte sjukeheimen på Leikanger. I samband med LO sin sommarturne hadde me og stand der me lanserte Fotsporet vårt. Me hadde håpa på litt betre oppmøte på sistnemnde, men det er slik det er. Forhåpentlegvis kjem det fleire ved seinare høve. Det vart arrangert eit webinar om rolla som yrkesseksjonsleiar som gav meg så mykje meirsmak at eg vart med på seminar i Bergen som òg var veldig lærerikt. Alt frå velferdsteknologi, fagskule, jobben som yrkesseksjonsleiar, meisterskap i ulike yrke og den nye appen pleiar.no. Har lagt nokre planar for året som kjem og har som mål å vere innom flest mogleg arbeidsplassar der medlemmane er, og å besøke spesielt dei stadane ein ikkje har tillitsvald.



## Seksjonsleiar Kontor og administrasjon

Nyvalt på årsmøtet 2021 og var på første styremøte i slutten av juni 2021. Har brukta hausten på å få oversikt over medlemmene som har meg som kontaktperson, og oppdatert medlemsregisteret. Eg har fortløpende sendt videre informasjon om kurs og generell informasjon frå Fagforbundet sentralt til desse. Eg har delteke på kurs i regi av Fagforbundet sentralt der eg fekk betre innsikt i kva rolla som yrkesseksjonsleiar går ut på. Eg har delteke på alle styremøte i haust, samt medlemsmøte i Sogndal. Eg har også bidratt med utsending av brev til alle medlemmane vedkomande lokale forhandlingar, pakking av julehelsingar til medlemmane samt deltaking på Fagforbundet sin bubilturé i haust.



Driftig gjeng som ordna med utsending av medlemsbrev.

## Pensjonisttilitsvald

Følgjande representantar blei på årsmøtet 18.5.21 vald til vervet som pensjonistrepresentantar:

- Ingunn Borlaug, Balestrand.
- Siv Njøs, Leikanger.
- Anne E Teigen, Kaupanger (utnemnd som leiar).

Det har vore gjennomført tre møter etter valet:

14.juli.2021

Planlegga aktivitet: Skrive infobrev (papir) og presentere utvalets medlemmar. Vidare var det litt om forsikringane og oppfordring til å melda seg inn i det lokale pensjonistlaget som er i regi av Pensjonistforbundet. Våre medlemmar er kollektivt innmeldt sentralt og laget er eit treffpunkt både sosialt, og som arena for lokal informasjon. Henta inn føredragshaldarar om aktuelle tema for pensjonistar. Dette blei ikkje aktuelt å gjennomføra grunna pandemien.

13. september 2021

Klargjera infobrevet til utsending. Ved god hjelp til kopiering og utsending frå HTV Anne Elisabeth Lunde og Fane2-ansvarleg Svein Harald Hovland som hadde oppdaterte medlemslister og ferdig trykte adresselappar - gjekk dette kjapt unna.

23.november 2021

Utover hausten har vår kontakt med andre pensjonistar gitt eit inntrykk av stor frustrasjon for mange knytt til den digitaliserte kvardagen. Som eit pensjonistutval ser me det som viktig å kunne tilby medlemmane våre eit lågterskeltilbod i dataopplæring. I denne samanheng har me søkt kontakt med Frivilligsentralen (kommunen) og Pensjonistforbundet, og deira samarbeid med Senior Nett om å etablere Datastover i Balestrand, Leikanger og Sogndal. Det tek noko tid å få organisert dette - men det er forventa oppstart 1. halvår 2022. Tiltaket baserer seg på frivillige hjelparar og Fagforbundet si rolle/bidrag kan vera både av praktisk art og ev. økonomisk bidrag. Dette er ikkje avklart på noverande tidspunkt.

## Ungdomstillitsvald

2021 var eit år med veldig lite ungdomsaktivitet pga. pandemien, men eg var så heldig at eg kom inn i styret i Fagforbundet Sogndal igjen som ungdomstillitsvald. Eg er blitt vald til å vere nestleiar i Fagforbundet Ung Vestland. Der har eg vore med på leiar- og nestleiarsamlingar. Eg har også vore i Oslo på skulering. I samanhengen av skuleringa har me vore på Utøya, fått omvising på Stortinget av Jo Heinum og Torbjørn Vereide, og lokala til LO sentralt. Eg har vore med på to stands – ein i Sogndal og ein i Vik saman med LO i Sogndal og Omland (ungdomskontakt der). Første måndagen i månaden har me ungdomstillitsvalde i Vestland ein kveld på teams der me samlast for å diskutere, drøfte, gje kvarandre støtte og få skulering.

Me har hatt ein pizzakveld med ungdomane då landet delvis opna litt. Der inviterte eg med Jeron Joseph frå Fagforbundet Vestland for å halde eit lite foredrag før me hadde ein liten Kahoot. Eg ser fram til nytt år og forhåpentlegvis meir aktivitet ute blant dei unge.

Sogndal 29.januar 2022.

Styret i fagforbundet avd.547 Sogndal